

Climbing vil lokka mange nye



Odd Magne Øgreid foran Nåsoveggen

Artikkelen om Nåso i Climbing Magazine er inspirerende, fastslår klatreleiaren Odd Magne Øgreid frå Bergen i ein kommentar til det hittil kanskje mest effektive PR-tiltak for Uskedalen som mål for klatrarar frå fjern og nær. Øgreid som har vore hovudinformant for artikkelen og har klatra saman med forfattar og fotograf, trur at artikkelen vil lokka mange nye klatrarer hit til neste år. No antar han at 200 er det aktuelle besøkstalet i året.

- Kor eineståande er eigentleg Nåso som klatreeldorado. Er det til dømes i klasse med Yosemite nasjonalpark i USA?

- Yosemite har veggjar som er høgare, større og brattare enn dei i Uskedalen, men fjellkvaliteten er absolutt samanlignbar,

- Kva er din kommentar til biletmaterialet i artikkelen?

- I den trykte utgåva er det eit mykje fyldigare biletmateriale og i iPad-versjonen som er til sals på iTunes følgjer det med ein eigen digital biletkarusell frå Uskedalen, opplysar Øgreid.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen